



Referat styremøte

Tid: 18. august 2022 kl 1900

Stad: Polen

Til stades: Heidi Christoffersen, Asbjørn Storesund, Olav Mandt, Jørn Berget, Ellen Schrumpf, Kari Lønnestad, Hannele Hestetun, Bergit Li

Sak 42/22 Innkalling og referat

Innkalling og referat frå forrige styremøte godkjent. Det blei kommentert at det ikkje er skrive eige referat frå eit hasteinnkalt møte med synfaring utandørs på museet torsdag 16. juni i år. Møtet kom i stand fordi det pågjekk rydding i uthuset, og styret fatta vedtak om at ein har tillit til samlingsansvarleg si vurdering av gjenstandane som var tatt ut.

Sak 43/22 Orientering

- Sommeren ved Bø museum
- Utstilling: Mer opplegg rundt denne
 - Lage ei gruppe som bør se på dette?
- Referat Bergit (sende til styret)
 - Hva finns av likvide midler og hva er bundne midler. Hva har vi av fri kapital hver måned?
 - Konto: Sette av penger til mindre innkjøp (en viss sum)? Innkjøp over en viss sum skal godkjennes av styret. Hva er summen?
- Lage et årshjul for arrangementer (Programgruppa)
- Ei lånt fele har gått ut av utstillinga. Har vi utlånsavtala for å kvittere den ut?

Styrets medlemer går gratis på arrangement og utstilling. Medlemer går for halv pris på utstillinga, dei må sjølve seie frå. Ein må kunne utvise skjønn.

Kvennøya: Fordel å ha geiter der og ikkje sauher, med tanke på ekskrement. Det har kome kommentarar frå folk som ferdast der at det har vore mykje lort. Vi ønsker primært at det skal gå geiter der.

Arrangement: Det bør vera fleire arrangement i løpet av open utstillingsperiode om sommaren. Dette bør vera ei oppgåve for arrangementsgruppa å sjå på for seinare år.

Dato for julemessan: Første søndag i advent, i år 26.-27. november. Idear for andre arrangement ved museet blei drøfta. Det bør settast opp ein halvårsplan, slik me hadde før koronaen. Arrangementsgruppa tar dette vidare.

Ei lånt fele har gått ut av utstillinga. Ei deponert fele som har tilhørt Jens Amundsen, er på forespørsel levert tilbake til familien. Atle Tjønnås er bedt om å sørge for at tilbakeleveringa blir dokumentert. Heidi snakkar med Finn om kva som finst av dokumentasjon ved museet på deponerte og andre avtaler for felesamlinga.

Sak 44/22 Organisasjonskart/roller

- Finns rolle (ref. e-post 16. juni) (organisasjonsplanen – hvem fyller hans rolle?)
 - o Notat frå Tore Bjørn.
 - o Olav: Ansettelse av daglig leder i 50%, eventuelt på åremål ved BM. Se på utgifter og inntekter etc. Lage budsjett. Bruke kommunetilskuddet på kr. 370.000,- som lønnsmidler?

Finn har sagt frå seg vervet som samlingsansvarleg. Heidi snakkar med Finn om ei eventuell midlertidig løysing og om Finn har forslag på nokon som kunne avlaste han, og kor mykje etterslep det er på registrering i Primus.

Sak 45/22 Bygg og anlegg

- Vedk. sak 30/22: Bergit har leita i referat frå styremøta og finn ikkje at det er gjort vedtak om områdeplan / evt også plassering av Vreim. Styret bør fatte et vedtak om dette. Frist for Vreim-plan 22. sept.?
- Østerli (se vedlegg)
 - o Forslag: selge Østerli for å skaffe penger og slippe framtidige vedlikeholdsutgifter på eiendommen?
- Vedlikeholdsplan Kvennøya: forslag til framdriftsplan og kalkyler (Jørn)
- Status malejobb Åheim
 - o betydelige behov for restaurering i nedre deler av bygningen avdekket i forbindelse med skraping av maling. Hva gjør vi?
 - o Den eine inngangsdøra på Åheim må reparerast. Der er enkel inngang for mus når hausten kjem!
- Gjerde mot elva? Hva slags gjerde? Ev andre forslag?
- Ekskursjon til museets anlegg og lager – ledd i nybygg romprogram: magasinkapasitet. Kva har vi behov for. En lørdag?

Olav refererte frå møte i gruppa for nybygg.

Asbjørn foreslår å gjera om vedtaket frå styremøtet i mai om ikkje å omdisponere midlar til Vreim skule, og har levert eit nytt notat om dette.

Vedtak: Vedtaket frå mai står ved lag.

Jørn orienterte om status for målarjobben på Åheim. Kontrakten med Midt-Telemark renhold blir avslutta etter at ca 2/3 av jobben er utført, fordi dei har feilberegna arbeidsmengda. Tanken er å engasjere Elisabeth på timebasis vidare. Mogeleg kan også vedlikehaldsgruppa gjera litt av

jobben. Det vil ikkje vera mogeleg å rekke alt i år, så resten må takast neste år. Heidi, Bergit og Jørn tar eit møte med Elisabeth om vidare avtale. Dei får fullmakt frå styret.

Vedlikehald: Jørn set opp overslag over utbedring av skadene på Åheim. Blant anna må døra inne i vinkelen reparerast.

Ny låvebru på Kvennøya er sett opp i sommar.

Den store asken bortafor uthuset har skranta ei tid. Haugland har vurdert treet. Det har askesjuke og treng kraftig beskjæring for eventuelt å kunne reddast. Vedlikehaldsgruppa innhentar råd og kan utføre arbeidet dersom HMS kan ivaretakast.

Gjerdning mot elva: Saka utsettast.

Sak 46/22 Medlemmer og informasjon

- Epost fra medlem med ønske om at referater/årsmøteprotokoller legges på hjemmesida slik at medlemmer kan logge seg inn og lese. Tore Bjørn jobber med løsning.
- Liste over aktiviteter på Polen bør ligge på hjemmesida?

Sak 47/22 Forslag til møteplan i høst

- 18.august
- 22.september
- 13.oktober
- 10.november

Møteplanen vedtatt.

Ref Kari